

Til Planavdelinga Osterøy Kommune

Frå Eldrerådet i Osterøy Kommune og

Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne i Osterøy Kommune

MERKNADER TIL DETALJREGULERING HAUS SENTRUM

Representantar frå begge råda var på synfaring den 30.juni i Haus. Vi hadde med kart og gjekk gjennom den framlagte planen.

Først vil vi understreke at det er veldig bra at der endeleg skjer noko positivt med bygging av nye boligar i Haus sentrum. Den framlagte planen har mykje positivt i seg. Råda har nokre merknader/forslag som vi meiner vil gjere planen endå betre og at forhalda for brukarane vert sikrare. Dette gjeld fotgjengerovergangar, som vi ikkje kunne sjå var teikna inn.

MERKNADENE:

- vedr. overgang frå vegen frå Åsheim til fortau ved busslomme ned mot Kiwibutikken. Der er ingen overgang i dag og vi meiner det bør det vere, både for dei som skal til bussstoppet, til butikken eller skal vidare til skule/barnehage. Kartreferanse mellom o_SH og H140
- vedr. overgang frå fortau ved ny lavblokk til fortau ved innkjøring parkering. Her meiner råda det må koma ein overgang, ca. 5-6m frå innkjøringa. Kartreferanse frå o_SF2 og til o_SF1
- i tillegg meiner råda det må koma ein overgang frå slutt på fortau ved kyrkja og til fortau langs Votlovegen (som vi meiner må vere der framleis). Kartreferanse i krysset ved o_SVG og o_SF3.

Dessuten må nedgang frå bussskur til parkeringsplassen ved butikken utbetrast slik at det er trygt og plass nok for rullestol/barnevogn, og at stigning er i henhold til universell utforming. Kartreferanse frå bussskur o_SP og ned til o_SPP1

Så er det viktig at det vert ein overgang i innkjøringa til parkeringsplassen, då det er fortau på begge sider. Kartreferanse innkjøring frå o_SV1 og til o_SPP1.

Alle overganger må lagast i henhold til universel utforming. Det gjeld med tydeleg merking i veibane, skilt og ledelinjer, og gjerne med lys. Dette gjeld også overgangen som er ved innkjøring til barnahage/snuplass buss. Der er det er ikkje ledelinjer. Og her trengs det kanskje lys då det er litt mørkt der med ein del litt store tre på sida.

Det er viktig at der vert gode avslutningar/start på fortaua, slik at dei vert lett å koma opp å ned av, både med rullestolar, rullatorar, barnevogner.

Råda ønskjer også at det vert merka opp parkeringsplassar ved kyrkja og at HC parkeringsplassane ved Kiwibutikken vert merka med symbol i asfalten. Ingen merking i dag.

Råda ønskjer kommunen lukke til med det vidare arbeid med planen.

For råda


Inge Johs. Reigstad